

Aina Bergås og Vidar Seim  
Bergås 92  
5912 Seim

Lindås kommune, planavdelinga

Bergås 27.11.2013

## Søknad om dispensasjon

Viser til møte med Sveinung Toft 17.08.2012 der me fekk god rettleiing i høve søknad om arealoverføring, (sjå vedlagt). Me vil med dette søkja om dispensasjon i høve til føresegn 1.1 av arealdel i kommuneplanen.

Grunn for søknad er ein avtale mellom eigarar av 63/3 (oss) og 63/21 (Intisar Hassan og Ali Farraj) om arealovertaking. Arealet ligg innanfor eit no godkjend areal for bustadbygging, der det er krav om reguleringsplan. Reguleringsplanen vil ta tid å få på plass, og me ber difor om dispensasjon frå kommuneplanen.

- Arealet me søkjer frådelt ligg inneklemt mellom 63/21 og fylkesvegen
- Arealet er trangt og kan ikkje nyttast til andre føremål enn tilleggsareal til eksisterande bustad (63/21)
- Det er ingen andre kjende interesser til arealet
- Det er ikkje behov for avløp e.l. til dette arealet
- Arealet er ikkje definert som LNF
- Naboar har ingen merknader
- Grunneigar er tilrådd at kjøpar si nye grense kjem ca 3 meter frå eksisterande grense mot fylkesvegen av omsyn til ev framtidig vegutviding

### Konklusjon

Slik me ser det er det overvekt av omsyn som talar for dispensasjon i høve til plankravet. Jfr. § 19-2 i Plan- og bygningslova.

Grunna alvorleg sjukdom hjå oss begge hausten og vinteren 2012 og våren 2013, samt ny operasjon hausten 2013, har denne saka vorte liggjande lenge sidan me gjorde avtale med kjøpar hausten 2012. Dette er svært uheldig for dei og me vonar det vil kunna takast omsyn til dette i høve til sakshandsamingstid.

På førehand takk.

Med helsing



Aina Bergås og Vidar Seim

*Vedlegg: Søknad om arealoverføring  
Kart over arealet, med den tenkte grensa for arealoverføring påteikna*